



Arkivnr: 2017/2348-2

Saksbehandlar: Erlend Hofstad, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		26.04.2017
Fylkesutvalet		03.05.2017

Forslag om freding av Kong Oscars gate 70. Høyringsfråsegn

Samandrag

Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og idrettsavdelinga har i medhald av Lov om kulturminne § 15, jf. § 22 utarbeidd forslag til freding av Kong Oscars gate 70 i Bergen kommune. Fredingsforslaget er no lagt ut til offentleg høyring. I fredingssaker som er førebudd av fylkeskommunen er fylkeskommunens politiske organ ein høyringsinstans.

Kong Oscars gate 70 er ein liten bygard i Bergen sentrum. Bygningen er reist i 1910 etter teikningar av arkitekt Einar Oscar Schou, og eksteriøret utgjer eit heilskapleg, gjennomarbeidd og særprega arkitektonisk kunstverk i jugendstil. Formålet med fredinga er å bevare Kong Oscars gate 70 som eit arkitektonisk og kulturhistorisk viktig eksempel på eit bygardsanlegg i jugendstil.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fredingsforslaget for Kong Oscars gate 70. Fredinga vil gi eit varig vern til eit arkitektonisk og kulturhistorisk viktig eksempel på eit bygardsanlegg i jugendstil og bidra til ei meir representativ fredingsliste.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Fredingsforslag
- 2 Kulturminnedokumentasjon

Fylkesrådmannen, 21.03.2017

Bakgrunn

Kong Oscars gate 70 er ein liten bygard i Bergen sentrum. Bygningen er reist i 1910 etter teikningar av arkitekt Einar Oscar Schou. Opphavleg romma huset to store bustader, i dag er det rehabilert til seks bustader. Eksteriøret er særskilt godt bevart, medan det innvendig særlig er hovudtrapperommet som er intakt. Huset har to etasjar samt kjellar og loft og er bygd av pussa tegl. Det ligg på ei hjørnetomt mot Kong Oscars gate med ei fløy mot kvar gate. Den eine endeveggen står fritt og utgjer ein tredje fasade, og her er også eit tårnforma trappehus. Det arkitektoniske hovudpreget er ein «geometrisk» jugendstil: ei enkel, sluttar form liva opp av asymmetri og fantasifulle detaljar. Den mest iaugefallande ornamentikken er geometriske mønster laga av naturstein som er sett inn i veggflatene.

Kong Oscars gate 70 vart 3. juli 2009 mellombels freda av Hordaland fylkeskommune. Bygningen stod då framfor ei omfattande istandsetting, etter at eigedomen i fleire år korkje var halden ved like eller sikra tilstrekkeleg. Fylkeskommunen meinte difor at ei mellombels freding var naudsynt for å sikra kulturminneverdiane. Dei følgjande åra vart eigedomen rehabilert i tett dialog med fylkeskommunen.

Det er ein føresetnad at eit mellombels fredingsvedtak vert følgt opp av ei ordinær fredingssak. Fylkeskommunen meldte oppstart av fredingssak i 2013 og har utarbeidd det forslaget til fredingsvedtak som no ligg føre. I samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 er det sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn. Saman med høyringsmerknadene vert forslaget så lagt fram for kommunestyret, før det – med eventuelle justeringar på bakgrunn av høyringane – vert sendt over til Riksantikvaren, som fattar fredingsvedtaket. I fredingssaker er det soleis Kultur- og idrettsavdelinga som førebur saka for Riksantikvaren, medan fylkeskommunens politiske organ er ein høyringsinstans.

Vurdering

Til grunn for fredinga ligg den arkitektoniske verdien. Eksteriøret utgjer eit heilskapleg, gjennomarbeidd og særprega arkitektonisk kunstverk i jugendstil, og bygningen er eit markant verk i produksjonen til Einar Oscar Schou, ein av Noregs leiande arkitektar innanfor denne stilretninga. Huset demonstrerer sentrale idear og tendensar i arkitekturen på byrjinga av 1900-talet. Samstundes skil det seg litt ut frå fleirtalet av jugendstilsbygninga i Noreg, mellom anna gjennom dei eigenarta dekorative detaljane. Som ein liten leiegard av mur er Kong Oscars gate 70 representant for ein vanleg bygningstype i dei norske byane tidleg på 1900-talet. Eksteriøret er godt bevart både i hovudform og detaljar, og dei opphavlege arkitektoniske kvalitetane er difor oppretthalde. Også hovudtrapperommet, som fører vidare jugendstilpreget frå eksteriøret, er lite endra.

Freding etter kulturminnelova er det sterkeste verkemiddelet kulturminneforvaltinga har for å sikra at nasjonalt viktige kulturminne vert tekne vare på for ettertida. I Stortingsmelding nr. 16 (2004 – 2005) *Leve med kulturminner* er det slått fast som eit strategisk mål for kulturminnepolitikken at «et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig bredde skal gis varig vern gjennom fredning». 1900-talets bustadhús i byane er ei underrepresentert kategori på fredingslista. Det er også relativt få bygningar i jugendstil som er freda. Ei freding av Kong Oscars gate 70 vil difor vera eit bidrag til ei representativ fredingsliste, noko som er eit hovedperspektiv i den nasjonale fredingsstrategien som Riksantikvaren har utarbeidd.

Generelt er det ein føresetnad for eit godt og berekraftig vern at kulturminna er i bruk. Huset er innreia til moderne bustader og har soleis høg bruksverdi. Med unntak for trapperommet er interiøret ikkje føreslått freda, og fredinga vil difor ikkje gi direkte avgrensingar på endring og oppgradering av bustadene. Dersom det av omsyn til bruken er trøng for mindre tilpassingar i dei freda delane av bygningen, vert det opna for dette gjennom den ålmenne moglegheita i freda kulturminne til å gi dispensasjon for mindre vesentlege inngrep. Riksantikvaren har understreka dette aspektet ved å føreskriva ein løysingsorientert dispensasjonspraksis (jf. «Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven. Rundskriv - 27.09.2013 (endret 20.05.2014)»).